



# Lærdal kommune

## Sakspapir

Saksnr	Utval	Møtedato
154/14	Formannskapet	07.10.2014
061/14	Kommunestyret	16.10.2014

**Sakshandsamar:** Jan Olav Åsarmoen      **Arkiv:** K2-L12      **Arkivsaksnr.** 13/846 - 20  
Møller, Aurland kommune

### Reguleringsendring for Forthun - vedtak av plan

#### Kort samandrag

Kommunestyret gjorde den 14. november 2013 i sak 071/13 vedtak om å starte arbeid med reguleringsplan for Forthun. Formålet har vore å endre arealbruken frå aktivitetshus (ålmennyttig formål) til bustadformål.

På bakgrunn av vedtak gjort av formannskapet i møtet den 10. juni 2014 i sak 099/14 vart planen lagt ut til offentleg ettersyn i to alternativ. Kommunen har motteke tre konkrete merknader til planframlegget. Merknadane syner at planframlegget ikkje reiser vesentlege utfordringar, og at ikkje det er forhold ved planen som skil alternativa vesentleg frå kvarandre.

#### Rådmannen si tilråding:

Lærdal kommunestyre godkjenner i samsvar med § 12-12 i plan- og bygningslova detaljreguleringsplan for Forthun, alternativ 2, datert 21. juli. 2014

### 07.10.2014 FORMANNSKAPET

#### FS-154/14 TILRÅDING:

Formannskapet sluttar seg samrøystes til tilrådinga frå rådmannen.

Trond Øyen Einemo gjekk frå som ugild ved handsaming av saka.  
Knut Opdal møtte.

## 16.10.2014 KOMMUNESTYRET

### Framlegg frå Olav Grøtnebø V:

Lærdal kommunestyre godkjenner i samsvar med § 12-12 i plan- og bygningslova detaljreguleringsplan for Forthun, alternativ 1, datert 21. juli. 2014

### KS-061/14 VEDTAK:

Marianne Øren sin gildskap vart vurdert.

Kommunestyre vedtok samrøystes at Marianne Øren var ugild.

Trond Øyen Einemo gjekk frå som ugild ved handsaming av saka.

Tilrådinga frå Formannskapet vart vedteke med 13 mot 1 røyst.

### Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
22.07.2014	Samla Plan Forthun 21072014.pdf	87461
03.06.2014	Reguleringsendring(detaljregulering) for Forthun - utlegging til offentlig ettersyn og høyring	85511

### Relevante dokument i saka som ikkje er sendt ut

- *Sakspapir 071/13 – oppstart av planarbeid.*
- *Innkomne merknadar til oppstartsvarselet og i høyringa.*

Dokumenta kan ein få ved å ta kontakt med politisk sekretær/arkivet.

### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

- *Plan- og bygningslova*
- *Naturmangfaldslova*

### Saksutgreiing

Saka gjeld handsaming av merknadar/slutthandsaming av framlegg til reguleringsplan for Forthun. Planframlegget låg på bakgrunn av vedtak i sak 099/14 ute til offentlig ettersyn i perioden 20. juli 2014 til 25 august 2014.

Føremålet med reguleringsplanen er å endre arealbruken for aktivitetshuset med kringliggande område frå ålmennyttig formål til bustad.

Planframlegget femnar om bustadområda B1 – B3. Planframlegget er for området B2 utarbeidd i alternativ. Alternativ 1 opnar for grad av utnytting på BRA =30%, medan alternativ 2 opnar for BRA=35% samt oppføring av mindre bustader i rekke/leilegheiter.

### **Oppsummering av merknader til planframlegget**

Kommunen har motteke tre merknader. Det er ikkje sett fram motsegn til planframlegget. Nedanfor er innhaldet i merknadane kort oppsummert.

#### Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

- Fylkesmannen har ikkje avgjerande merknader til planframlegget i høve natur, miljø, landbruk samt beredskap og samfunnstryggleik.

#### Statens vegvesen

- Vegstyresmaktene har ikkje merknader til planframlegget.

#### Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

- NVE har ikkje merknader til planframlegget.

### **Økonomiske konsekvensar**

Dei økonomiske konsekvensane for kommunen vil vere avhenging av om og ev. korleis ein engasjerar seg i gjennomføring av planen.

### **Vurdering**

Kommunen har motteke høyringssvar til planen frå regionale og statlege styresmakter. Dei har ikkje merknader til planframlegget. Kommunen har ikkje motteke merknader frå grunneigarar i området.

Planen er utarbeidd i to alternativ, der hovudskilnaden er at grad av utnytting er ulik for område B2. Alternativ 1 opnar for %-BRA =30%. Alternativ 2 opnar for %-BRA=35 %, samt oppføring av mindre einestadar i rekke/leilegheiter.

Konkret omfattar reguleringsframlegga areal for bustadføremål(B1-B3). B1 er opphavleg den gamle dyrlegebustaden, og er frå før regulert som offentleg føremål i plan frå 1971. Denne vert i dag nytta som bustad og arealbruken er føreslått endra i samsvar med faktisk bruk. I område B2 vert arealbruken direkte vidareført frå gjeldande plan som er frå 1971. Grad av utnytting er i dette området heva. B3 (tomta rundt "Kosen" ungdomsklubb) omfattar tomte der "Aktivitetshuset" står. Eigedommen er lokalisert innanfor buffersona til verneområdet i kommunedelplan for Lærdalsøyri. Sona er vidareført i planen. Framlegget omfattar elles areal for kombinert føremål bustad/tenesteyting. Planen endrar arealbruken til bustadføremål. Denne eigedommen er òg lokalisert innanfor buffersona i kommunedelplan. Buffersona til verneområdet og føringane for sona er vidareført i planframlegget.

For nærmare gjennomgang av planframlegget, vurdering av merknader til oppstart av planframlegget samt omsynet til naturmangfaldslova, vert det synt til planframlegget samt møtebok frå sak 99/14 som vart handsama av formannskapet den 10. juni 2014.

### **Konklusjon**

Planen har lege ute til offentleg ettersyn i to alternativ. Begge alternativa byggjer opp om føringane for planarbeidet. Alternativ 2 med grad av utnytting i område B2 på %-BRA = 35 % vidareføre tilnærma dagens utbygde situasjon. Kommunen har ikkje motteke merknader til dette og rådmannen rår til at alternativ 2 vert vedteke.